


# Ordskifte

TILRÅDD LENGDE: 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM  
ordskifte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)



## I tvilsomt selskap

**ANTROPOSOFI**  
**TERJE EMBERLAND**  
**OSLO**

Debatten omkring Tore Rems Bjørneboe-biografi er preget av kunnskaps- og historieløshet, hevder Trond Arild Ydersbond (Dag og Tid 9. oktober) og bidrar selv straks til dette ved å kolportere myten om et «nazistisk attentatforsøk» mot Steiner.

Denne legenden er for lengst avkrefte av antroposofenes egen forskning. I sitt verk *Antroposophen in der Zeit des Nationalsozialismus* påpeker Uwe Werner (s. 8) at det som i hendte i mai 1922, var at en høyreradikal gruppe – antagelig rundt general Erich Ludendorff, som på dette tidspunktet ikke var alliert med Hitler – avbrøt Steiners foredrag og forsøkte å angripe ham etter møtet, men at de ble slått tilbake av Steiners tilhengere.

Men hva forteller så dette oss? Det viser naturligvis at det forekom fiendtlighet mellom antroposofene og ulike høyreradikale grupper. Men det er selvsagt intet bevis på antroposofiens «venstreorienterte» karakter, slik Ydersbond vil ha det til.

Hendelsen er tvert imot ett av mange eksempel på at antroposofene i den turbulente tiden rett etter første verdenskrig opererte i det samme subkulturelle miljø som NSDAP og andre protofascistiske, høyreradikale og völkisch-okkulte bevegelser. Dermed benyttet man seg også av de samme kommunikasjonskanaler.

Dette blir tydelig når man ser nærmere på hvor Steiner holdt sitt foredrag: Hotel Vier Jahreszeiten. Dette fasjonable hotellet var kjent som den völkische og høyreradikale høyborg i München. Under den bayerske rådsrepublikk tre år tidligere hadde det fungert som kommandosentral for de kontrarevolusjonære. Organisasjonen som stod bak denne aktiviteten, var Thule-Gesellschaft, en losjeaktig foren-

ing med sterke bånd til det antisemittiske Reichshammerbund og den völkisch-okkulte Germanen-Orden, hvor flere av de senere nazi-ledere, som Alfred Rosenberg, Gottfried Feder og Dietrich Eckart, var medlemmer. Thule-selskapet hadde siden august 1918 hatt sine kontorer og møtelokaler i hotellet. Årsaken til dette var at det ble drevet av to medlemmer av selskapet, brødrene Alfred og Otto Walterspiel, som gjerne stilte lokaler til rådighet for ulike völkisch-okkulte og høyreradikale grupper.

Rudolf Steiner valgte altså å holde sitt foredrag på det mest kjente høyreradikale møtestedet i München, noe han og hans tilhengere umulig kan ha vært ukjent med. Dette tyder på at antroposofene betraktet dette miljøet som misjonsmark og at den påfølgende konfrontasjonen altså var et uttrykk for en kamp om tilhengere innenfor den samme politisk-religiøse subkultur.

At læren om sosial tregning nødvendigvis skulle plassere Steiner på venstresiden, er også en slutning som vitner om Ydersbonds historieløshet. Steiners lære baserte seg på grunnforestillingen om at samfunnet er en helhetlig organisme, med de enkelte klassene som lemmer. Og han lanserte denne samfunnsmodellen som et alternativ til både den gamle borgerlige orden og til kommunismen – som særlig etter den bayerske rådsrepublikk i 1919 ble en påtrengende realitet i Tyskland. Også de protofascistiske bevegelsene på denne tiden yndet å fremstille sin politikk som et slikt alternativ til både kapitalisme og kommunisme. Det er nødvendig å minne Ydersbond om at nasjonalsosialismen nettopp ble presentert som en radikal, nasjonal *sosialisme* – en tredje vei basert på et organisk samfunnsyn.

Terje Emberland er forskar ved Senter for studier av holocaust og livssynsminoriteter.

«EU fører ein todelt strategi for løysing av klimaproblemet.»

## Åslaug Haga og samfunnsøkonomane

**KLIMA**  
**PER OVE EIKELAND**  
**OSLO**

Åslaug Haga, energiminister i Stoltenbergs fyrste raudgrøne regjering, går med ny hatt som Norsk Industri-lobbyist ut mot Stoltenbergs andre regjering for manglande handlekraft i fornybar energi-politikken (Dag og Tid 2. oktober). Diagnosen hennar er at regjeringa er for mykje i hendene på ein allianse av byråkratar og samfunnsøkonomar som ynskjer å nytta statlege pengar på fjerning av klimagassar i utlandet framfor å stø utbygging av fornybar energi i Noreg. I sitt svar seier Michael Hoel, som representant for samfunnsøkonomane, at det nærast vil vera umoralsk å sløsa bort pengar på dyre prosjekt i Noreg når tiltak i andre land vil gje betre klimaeffekt (Dag og Tid 2. oktober).

Tradisjonell samfunnsøkonomisk analyse tenkjer kort-siktig og inkrementelt – start ut med det billegaste alternativet og auk innsatsen med dyrare prosjekt etter kvart om det blir naudsynt for å løysa problemet. Denne tanken kan vera problematisk om det som skal til for å løysa klimaproblemet, er ein teknologitransformasjon – noko Brundtland-kommisjonen hevda alt i 80-åra. Kommisjonen gav òg ei klar moralsk rettleiing: Dei rike landa i nord må bruka pengar på denne

transformasjonen sidan det er dei som i hovudsak har skapt problemet, i stor grad framleis skaper det, og sidan det er dei som har mest ressursar til å gjera noko med eige problem. Om løysinga er teknologitransformasjon, kan det vera lurt å satsa mest på dei dyraste løysingane for gjennom læring og masseproduksjon å gjera nye teknologiar billegare på litt lengre sikt. Denne tankemåten finn vi att i politikken som i dag blir førd i mange EU-land gjennom kostnadskrevjande støtteordningar for forskning og marknadsintroduksjon av fornybar energi.

EU fører ein todelt strategi for løysing av klimaproblemet. Kvotemarknaden er tenkt å endra kostnadsbiletet slik at dei mest ureinande teknologiane blir dyrare. Marknadsstønad til fornybar energi er tenkt å gjera dei minst ureinande teknologiane billegare. Strategien har klare moralske element ved at han erkjenner at EU må ta ei global leirolle for utprøving av nye teknologiar. Han har òg klare aspekt av eigeninteresse-tenkning – om teknologiane blir testa ut i Europa, vil dette og leggja grunnlag for ny industri-reising her.

Åslaug Haga har mykje rett i at idégrunnlaget for norsk klimapolitikk har vore snevert. Som EU-motstandar må ho sjå på at det er EU som i dag presar Noreg til å ta eit høgare

moralsk ansvar for marknadsintroduksjon av fornybar energi. Det blir interessant å følgja Åslaug Haga vidare i den nye rolla si som talerøyr for den kraftkrevjande industrien sidan ho lett kan koma til å møta seg sjølv i døra – kostnadskrevjande teknologitransformasjon er ikkje naudsynleg det som interesserer denne industrien mest. Hovudinteressa er billeg kraft – noko som talar for satsing på det minst kostnadskrevjande alternativet – det vil seia vidare storskala utbygging av vasskrafta, noko Stoltenberg som statsminister sa nei til i 2001, etter press frå blant anna Senterpartiet.

Norsk Industri er, som industrien i resten av Europa, desillusjonert i høve til sosialøkonomiske idear om ei rein marknadsløysing for energiforsyninga. Konkurransen fungerer ikkje, og monopolprisar smittar over i den nordiske marknaden. Ei opning for vidare utbygging av vasskrafta i Noreg vil kunna demma opp for denne prisauken, om det ikkje samstundes blir bygd ut tilsvarende overføringskapasitet til utlandet. Det er ikkje usannsynleg at Åslaug Haga kjem til å leggja vekt på dette i den nye rolla som industrilobbyist, noko som kan gje mindre hyllest frå Zero og andre miljøorganisasjonar i framtida.

Per Ove Eikeland er forskar ved Fridtjof Nansens institutt.

Det nynorske nettleksikonet

# allkunne.NO

vert lansert på Litteraturhuset, Oslo  
tysdag 20. oktober, 11.00

Alle er velkomne □gratis inngang

Lanseringsdagen vert det òg arrangement andre stader:  
Ål, Bryne, Førde og Hovdebygda

[www.allkunne.no](http://www.allkunne.no)

[allkunne@allkunne.no](mailto:allkunne@allkunne.no)